

# Årsmelding for Ørsta og Volda hundeklubb 2008.

Styret i klubben har i 2008 bestått av :

Formann: Hildegunn Midtbø Bondhus

Nestformann: Linn Wangen Mork

Kasserer: Per Gunnar Engetrøen

Sekretær: Mona Weiseth ( til okt. 08)

Styremedlem: Marit Nyttun og Sveinar Kleive.

Varamedlem: Vibecke Carlsson, Kirsti Wollmann og Ingunn Boye Olsen

Klubben har cirka 73 medlemmer.

Det har vore halde 6 styremøter.

Også i år har heimesida vore brukt til å informere om treningstider og kurs i regi av klubben.

Det har også i år vore svært godt oppmøte på tirsdagstreningane.

Treningane vart flytta til Tussa-tun i Hovdebygda på grunn av mykje glasbrot og mykje trafikk på gamle E-verket der vi har vore i mange år.

Også i år deltok klubben i 17-mai toget i Ørsta og i Volda.

Vi arrangerte en felles tur i Geitvika i Austefjorden der det var sånn passe oppmøte ;-)

Vi hadde sommeravslutning med grilling i parken .

Klubben har arrangert fleire kurs:

2 valpe og unghundkurs med Mona som instruktør

Adferdskurs med Gry Løberg

Stemnet vårt 6. september vart eit vellykka arrangement. Vi hadde også i år leigd inn tre dommere: Barbro Myrseth Gjerde valpedommer, Petter Nordlien agility dommer, og Finn Anton Helgesen lydighetsdommer. Vi hadde også barn og hund der Barbro var dommer for entusiastiske deltakere. Været var flott og både deltakere og publikum hadde en fin dag.

I forbindelse med stemnet oppgarderte vi agility bana til dei nye reglane for 2008.

Mona valgte å trekke seg som sekretær hausten 2008 på grunn av heimesitasjonen .Ho var valgt for to år og dette var første året. Ingunn Boye Olsen tok over og vi må velge ny på årsmøtet for eit år.

Juleavslutninga hadde vi på Bondhus Trafikkskule, 13 deltakere , vi hadde juletallerken fra Asko og riskrem til dessert fra Bondhus's kjøkken. Linn og Kirsti var festkomite og ordna alt på forhånd. Det var ein kjekk kveld med god mat, drikke og stemning.

Ingunn Boye-Olsen (sekr.)